



SELJE KOMMUNE

Formannskapet

Møtebok

Møtedato: 28.01.2016

Møtetid: Kl. 13:00 – 20:00

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 001/16 - 009/16

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Ordførar Stein Robert Osdal. TP: Judith Kvåle. AP: Åge Lundebrekke.
SP: Gunn Sande

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Jan Vidar Smenes
FRP: Marita Aarvik
H: Geir Årvik
Alle hadde gjeve melding om forfall til møtet.

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Terje Ødegård.
FRP: Anfinn Sjøstad
H: Kenneth Brandal

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Geir Kvisten. Rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka.
Rådgjevar Svein Barmen møtte under sak 003/16 – referat 3.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Formannskapet vedtok å handsame fylgjande saker i tillegg til saker på saklista:
Sak FS 008/16: Rapport kommunens finansforvatning pr. 31.12.15
Sak FS 009/16: Dragsidspelet - Søknad om tilskot 2016

Orientering:

Formannskapa i Vanylven, Selje og Vågsøy var og kalla inn til felles møte same dag på Vanylven helse- og omsorgsenter, Fiskå – kl. 09.00 til 11.30.
Tema: Kommunereforma.

Kl. 13.00 starta Selje formannskap sitt møte med synfaring i høve til sak 005/16.
Sak 005/16 vart handsama som fyrste sak.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/16	Godkjenning av møtebok
002/16	Delegasjonssaker
003/16	Referatsaker
004/16	Kommunereform - intensjonsavtale Vågsøy, Vanylven og Selje
005/16	Søknad om tildeling av tomt i Krakereid Bustadfelt - Vederlagsfritt
006/16	Kjøp av aksjer i Visit Nordfjord og Rovdefjordbrua
007/16	Garanti - Tilskot til lokalbåtruter / reiselivsbaatruter Selja
008/16	Rapport kommunens finansforvatning pr. 31.12.15
009/16	Dragseidspelet - Søknad om tilskot 2016

Tilleggsaker: Sak 008/16 og 009/16.

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.01.2016	001/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/57
---	----------------------	----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 07.12.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.01.2016	Møtebok FS 07.12.15.pdf	72251

Handsaming i Formannskapet - 28.01.2016

7 voterande

FS-001/16 VEDTAK

Møteboka frå møte 07.12.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.01.2016	002/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/55
---	----------------------	----------------------------

Delegasjonssaker

DFS. 001/16: Gbnr.45/14 - Delingssak - Grunneigedom - Åge og May-Britt Ervik

DFS. 014/15: Gbnr 2/1 - Byggsak - Altan bustadhus - Terje Haugen

DFS. 038/15: Utsleppsløyve - Statens vegvesen

DFS. 041/15: Gbnr. 70/1 - Byggsak - Murarbeid/Tilbygg - Monica V. Austring og Bjørn Villard

DFS. 060/15: Gbnr. 72/25 - Delingssak - Hanne-Grethe og Bjørn Inge Liland - Krav om sakskostnader - Avslag

DFS. 062/15: SMIL 2015 - rydding og gjerding av kystlynghei - Kenneth Brandal, gbnr. 26/2

DFS. 063/15: Gbnr. 72/25 - Delingssak - Naust på Salt - Krav om sakskostnader - Avslag

DFS. 064/15: Gbnr. 29/6 - Konesjonshandsaming - Arild Borgund Iversen, gbnr. 29/6

DFS. 065/15: Gbnr. 23/41 - 23/48 - Søknad om midlertidig løyve til bruk av veg - Stadpipe AS

DFS. 068/15: Gbnr. 78/17 - Byggsak - Carport/veranda - Robert Kvernevik

DFS. 069/15: Gbnr. 66/17 - Løyve til tiltak - Tilbygg/carport - Frank Helge Hoddevik

DFS. 070/15: Gbnr. 57/2 - Konesjon - Jacek Kazimierz Kiraga

DFS. 071/15: Gbnr. 34/3 - Konesjon - Runar Leikanger

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 28.01.2016

7 voterande

FS-002/16 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.01.2016	003/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/56
---	----------------------	----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/5565	I	21.12.2015	Trygg 24	Kontrollar 19.des. 2015 - Sal av alkohol
2	16/201	U	14.01.2016	Formannskapet / Kommunestyret	Orientering om overordna planstrategi - Kommuneplan 2016-2020
3	15/5592	I	21.12.2015	Nordfjord Miljøverk IKS - NoMil	Tildeling av slamkontrakt
4	16/184	U	14.01.2016	***	Orientering om ev. utviding av utbyggingsområde på Vestkapp

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 28.01.2016

7 voterande

Tilleggsreferat:

5. Uttale - Akuttfunksjon ved sjukehuset i Volda.
6. Rådmann - Organisasjonsendingane i Selje kommune.
7. Synergigruppa i Selje kommune v/Anfinn Sjøstad

FS-003/16 VEDTAK

1 – 4: Teke til vitande.

5. Uttale om akutfunksjon ved sjukehuset i Volda. «Ordførar lagar uttale som vert framlagt kommunestyre 11.2.16 for godkjenning»

6. Orientering om organisasjonendingane i Selje kommune ved rådmannen..

Formannskapet ba om utarbeiding av eit detaljert organisasjonskart i forhold til endringane.

7. Orientering frå synergigruppa i Selje kommune ved Anfinn Sjøstad.

Formannskapet tok orienteringa til vitande og gav gruppa positiv attendemelding på arbeidet som vert utført. Det er viktig at formannskapet som planutval vert halde løpande orientert om arbeidet i synergigruppa.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.01.2016	004/16
Kommunestyret	11.02.2016	004/16

Sakshandsamar Ørnulf Lillestøl	Arkiv FE-024	Arkivsak 14/342
-----------------------------------	-----------------	--------------------

Kommunereform - intensjonsavtale Vågsøy, Vanylven og Selje

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
48	I	16.11.2015	Rådmann Ørnulf Lillestøl	Referat - Møte i styringsgruppa for kommunereform EVS 05.11.15
49	I	17.11.2015	Vågsøy kommune	Innkalling møte i forhandlingsutval for kommunene Eid, Vågsøy, Selje og Vanylven
50	I	27.11.2015	Eli Stølan	Referat frå møte i Kommunereform Eid, Vågsøy, Selje og Vanylven forhandlingsutval 26.11.2015
51	I	30.11.2015	Eli Stølan	Møte i forhandlingsutvalet kommunereform mellom kommunane Eid, Vågsøy, Selje og Vanylven
52	I	04.12.2015	Eli Stølan	Referat prosjektgruppemøte kommunereform EVS 02.12.2015
53	I	09.12.2015	Prosjektleder Eli Mehlum Stølan	Innkalling til møte i forhandlingsutvalet Kommunereform EVS 14.12.2015
54	I	14.12.2015	Vanylven kommune	Kommunereforma - intensjonsavtale med Nordfjordkommunane
55	I	17.12.2015	Eli Mehlum Stølan	Referat forhandlingsutvalet Kommunereform Eid, Vågsøy, Selje og Vanylven kommuner
56	I	18.12.2015	Eid kommune	Kommunereform: Vidare deltaking i kommunereformprosess ytre/midtre - Melding om vedtak
58	U	22.12.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma og fylkestilhøyrihet
57	U	05.01.2016	Lokal styringsgruppe Kommunereform	Møte i lokal styringsgruppe Kommunereform 06.01.16

59	I	05.01.2016	Rådmann	Utkast til kommunereformrapport del 1 - Samanslåing av Vågsøy, Selje og Vanylven
61	I	15.01.2016	Eli Stølan	Intensjonsavtale og prosjektdokument
63	I	17.01.2016	Eli Stølan	Referat frå møte i forhandlingsutvalet for kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven 07.01.2016
62	I	17.01.2016	Eli Stølan	Referat møte i styringsgruppa for kommunesamanslåing for kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven 06.01.2016
64	I	18.01.2016	Vanylven Kommune	Melding om vedtak

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.01.2016	Kommunereformrapport versjon 13.01.2016. Utgreiing.pdf	72454
15.01.2016	Intensjonsavtale mellom kommunane Vågsøy Selje og Vanylven (v 13012016).pdf	72453
15.01.2016	Tenestefordeling - vedlegg i sak.docx	72452

Saka gjeld

Selje kommune har i 2015 drøfta og forhandla med nabokommunane Eid og Vågsøy om muleg kommunesamanslåing. Etter klare tilbakemeldingar frå kommunestyret og lokal styringsgruppe har administrasjonen og ordførar gjort forsøk på å også trekkje inn kommunar nordover med i drøftingane.

I haust har Vanylven etter kvart ytra ynskje om å delta og vart frå november deltakar i sjølve forhandlingane. Eid kommune trekte seg frå forhandlingane i desember hovudsakleg pga usemje om spørsmål om plassering av kommunesenter.

Kommunane Vågsøy, Vanylven og Selje har no framforhandla ein intensjonsavtale for endra kommunestruktur.

Opplysningar til saka

Vedlagt intensjonsavtale gjev retning og føringar for det vidare arbeidet. Som navnet tilseier er dette ein avtale som uttrykkjer semje om ynskta mål for prosessen fram til ny kommune er etablert frå 01.01. 2020 og kva vi ynskjer å oppnå med endra kommunestruktur.

Som ein ser er ein del av spørsmåla avklart som kvar kommunesenteret skal vere, namn på kommune samt føringar for det vidare utgreiingsarbeidet. Rådmennene har saman med leiargruppene i kommunane drøfta spørsmål om funksjonsdeling mellom kommunesenter og kommunedelsenter (Fiskå og Selje) Det er fastsett nokre prinsipp som fylgjer i eige notat. Det viktigaste er å sikre at dei tenestene innbyggjarane treng å ha nært vert ytt desentralisert og at antal arbeidsplassar som ny kommune må ha i sentrale einingar ikkje i for stor grad vert sentralisert og derved tappar noverande kommunar for arbeidsplassar. Denne avveginga sett i samband med openbare behov for å rasjonalisere og effektivisere vil vere overlatt til Fellesnemda (jmf eigen lov) og ein ny prosjektorganisasjon å greie ut.

Framdrift

Forhandlingsutvalet samansett frå dei tre kommunane har no framforhandla vedlagt

intensjonsavtale. Denne skal no til politisk handsaming. Dersom desse vert vedteke i kommunane har Vågsøy og Vanylven fastsett at dei kjem til å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting. Dato for denne er ikkje heilt fastsett, men vil verte gjennomført i midten av april. Tidspunktet må koordinerast mellom kommunane.

Folkerøysting

Rådmannen legg til grunn at det må avhaldast rådgjevande folkerøysting også Selje. Det er ikkje knytt særskilte lovbestemmelsar til denne type røysting slik at kommunen sjølv vel framgangsmåte.

- Dato og tid for røystinga

Som nemnt må denne koordinerast mellom kommunane. Dersom det er nokre dagar mellom røystinga i kommunane må det sikrast felles offentleggjering av resultatane. Røystedag vert sett til veke 15 eller 16. Det må sikrast høve til å røyste i føregåande helg for pendlarar, studentar og andre som ikkje kan møte på sjølve valdagen.

- Røysterettsalder

Dette er drøfta mellom kommunane. Tema som det vert røysta over er framtid dvs som får ein realitet frå 01.01. 2020. Det er arbeida med informasjon og involvering i ungdomsråd og på skulane slik at det vert tilrådd aldersgrense på 16 år.

- Røystetema (det som skal stå på røystesetlane)

Det er lagt opp til to tema. Om Selje kommune skal halde fram som eigen kommune eller slå seg saman med Vågsøy og Vanylven, og om den nye kommunen skal inngå i Møre og Romsdal fylke eller vere del av Sogn og Fjordane.

- Retningslinjer for røystinga

Det vert gjort framlegg om fylgjande retningslinjer:

1. Det skal vere to røystingar, ei gjeld tilhøyr til fylke og ei gjeld kommunestruktur. Dei ulike røystingane vil ha ulik farge på røystesetlane. Alle røystesetlar vert lagt i same urne.
2. Dei som har røysterett er personar med røysterett busette i kommunen pr. 01.01.2016. Valkort vert ikkje nytta. Manntalet vert ikkje lagt ut.
3. Røystinga på røystedatoen går føre seg i dei ordinære val-lokala til kommunen mellom klokka 1000 og klokka 1800. Reglane i vallova gjeld for ordningane i val-lokalet.
4. Førehandsrøysting går føre seg ved fram møte på kommunehuset i tidsrommet. i kommunen si opningstid, på Selje sjukeheim den dd.mm.åå klokka, Stadlandet eldretun dd.mm.åå klokka og Flatraket eldretun dd.mm.åå klokka.
Det vert i tillegg førehandsrøysting på Coop Selje, Bunnpris Stad, Joker Flatraket, og Joker Stadlandet laurdag den dd.mm.åå mellom klokka
5. Røystestyra skal telje røystesetlane ved dei to røystingane og kontrollere tal kryss i manntalet mot tal avgjevne røyster.
6. Finteljing av innhaldet i urnene skal gå føre seg på kommunehuset i Selje.
7. Resultatet vert publisert samla når Vågsøy og Vanylven har halde sine folkerøystingar.

- Publisering av resultatet

Dette vert gjort gjennom kommunen si heimeside og ved informasjon til lokalavisene

Rådmannen må ha delegert mynde til å ta stilling til praktiske ordningar rundt avvikling av røystinga.

- Utarbeiding og distribusjon av informasjonsmateriell
- Endeleg utforming av røystesetlar
- Organisering av oppteljinga og publisering av resultatet
- Samarbeid med Vågsøy og Vanylven kommunar

Vidare saksgang

Etter folkerøystinga er gjennomført startar rådmannen å utarbeide endeleg sak til kommunestyrehandsaming 23. juni. Det skal då takast stilling til om Selje kommune skal slå seg saman med Vanylven og Vågsøy kommune og fylkestilknytning. Vedtaka vert sendt Fylkesmannen som samordnar, tilrår og vidare sender til departementet. Stortinget vedtek evt endring i kommunestruktur og fylkestilknytning i 2017. Mellom kommunestyrevedtak og stortingsvedtak vil eksisterande forhandlingsutval arbeide vidare med intensjon.

Etter Inndelingslova vil det då verte etablert ei fellesnemnd som skal lede utgreiinga fram mot etablering 01.01.2020. Det skal tilsetjast ein prosjektleiar og i den grad dette er drøfta i forhandlingsutvalet så langt, er det semje om at prosjektleiar også vil inneha rolla som rådmann i den nye kommunen.

Lover/regelverk

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Rådmannen vil i eigen sak skissere alternativ til endra kommunestruktur. For Selje sin del konkluderer rådmannen med ei klar tilråding om å arbeide vidare med føremål om å slå saman kommunane Selje, Vågsøy og Vanylven. Grovt sett er fylgjande argument og utfordringar vektlagt.

- Demografi.
Om vi ser på befolkningsutviklinga i Selje dei næraste åra, så aukar antal eldre relativt sterkt medan antal barn og unge vert redusert. Som eigen kommune er vi sårbar både økonomisk og kompetansemessig. Det vil krevje ein vridning av bruk av dei økonomiske rammene frå skule og barnehage til helse og eldreomsorg. Krava til kompetanse innanfor helse og omsorg er sterkt aukande. Vi må rekruttere kompetanse innanfor ei rekkje områder som psykisk helse, rus, geriatri, rehabilitering i tillegg til fleire «hender». Noko av dette kan kompenseras med velferdsteknologi, men vil uansett vere krevjande dersom Selje vel å stå aleine.
- Utviklingsarbeid
Selje har redusert kraftig på ressursar til næringsutvikling og samfunnsutvikling elles. Dette er fundamentet for å sikre velferd og tenester og dette er verkemiddelet for å snu og påverke befolkningsutvikling. Som eigen kommune vil vi ha begrensa ressursar til å satse innan dette området.
- Effektivisering og drift
Som relativt liten kommune har vi like mange spesialoppgåver som større kommunar. Vi skal drive eigedomskattekontor, arealplanlegging, ikt drift, vi skal handsame krevjande saker med behov for juridisk kompetanse som andre. Som generalistkommune vert vi stadig utfordra på desse områda og fleire og auka forventningar kjem fortløpande. Dette må vi gjere med tilsette som har oppgåvene som

ein del av si stilling. Som større kommune kan vi tilsetje fagpersonar som er dedikert, som har frekvens i saker og som då kan utvikle kompetanse.

- Statlege overføringar

Sjølv om dette området ikkje er endeleg klarlagt er signala tydelege. Mindre kommunar får mindre overføringar enn i dag. Sett i samanheng med auka krav og forventningar og demografiutvikling gjev dette ein konklusjon om å etablere større einingar.

Det vert presisert at vedlagt intensjonsavtale og vedlegg om funksjonsdeling er intensjonar. Mykje av desse spørsmåla også inkludert konsekvensar ved å skifte fylke må verte nærare utgreidd i perioden fram mot 01.01.2020. Det foregår for eksempel ein regionreform som også skal ta stilling til regulering av fylkesgrensene, inndeling av helseregionar vil verte gjenstand for vurdering samt krav til kompetanse og overføring av oppgåver til kommunane. I vedlegga er det ikkje endeleg fastlagt strukturar, men avtale og vedlegg gjev uttrykk for ei retning for vidare utgreiingsarbeid.

Konklusjon

Rådmannen tilrår Selje kommunestyre å vedta vedlagt intensjonsavtale slik den ligg føre. Vidare vert det tilrådd at det vert gjennomført rådgjevande folkerøysting etter dei retningslinjene som framkjem av saksutgreiinga.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommunestyre vedtek vedlagt intensjonsavtale som har som føremål at kommunane Selje, Vågsøy og Vanylven vert slått saman til ein ny kommune frå 01.01.2020.

Selje kommunestyre vedtek å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting der innbyggjarane tek stilling til spørsmål om samanslåing og spørsmål om fylkestilknytning. Folkerøystinga fylgjer dei retningslinjene som framkjem av saksutgreiinga.

Handsaming i Formannskapet - 28.01.2016

7 voterande

Framlegg frå SP:

Selje kommunestyre vedtek å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting der innbyggjarane tek stilling til spørsmål om samanslåing og spørsmål om fylkestilknytning. Folkerøystinga fylgjer dei retningslinjene som framkjem av saksutgreiinga.

Ny samla tilråding frå rådmann:

Selje kommunestyre vedtek vedlagt intensjonsavtale som har som føremål at kommunane Selje, Vågsøy og Vanylven vert slått saman til ei ny kommune frå 01.01.2020 (som framlegg frå rådmannen)

Rådmannen endra sitt framlegg i 2. avsnitt til :

Spørsmål om folkerøysting vert utgreidd til kommunestyrehandsaming 11.02.16.

Nytt punkt:

Mindre endringar av ikkje prinsipiell karakter i intensjonsavtalen vert delegert til Formannskapet.

Røysting:

Framlegg frå SP fekk 1 røyst for.

Ny samla tilråding frå rådmann fekk 6 røyster for og 1 røyst mot.

FS-004/16 FRAMLEGG

Selje kommunestyre vedtek vedlagt intensjonsavtale som har som føremål at kommunane Selje, Vågsøy og Vanylven vert slått saman til ei ny kommune frå 01.01.2020.

Spørsmål om folkerøysting vert utgreidd til kommunestyrehandsaming 11.02.16.

Mindre endringar av ikkje prinsipiell karakter i intensjonsavtalen vert delegert til Formannskapet.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.12.2015	105/15
Kommunestyret	14.12.2015	091/15
Formannskapet	28.01.2016	005/16
Kommunestyret	11.02.2016	003/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Merete Nerland	FA-H47	15/251

Søknad om tildeling av tomt i Krakereid Bustadfelt - Vederlagsfritt

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
6	I	09.11.2015	Gunn Helgesen	Søknad om tomt i Krakereid bustadfelt.

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.11.2015	Situasjonsplan A1.pdf	70674
09.11.2015	Søknad om tomt i Krakereid bustadfelt.	70639
01.12.2015	Føresegner.pdf	71325
01.12.2015	Reg.plan.pdf	71326

Saka gjeld

Søknad om å få tildelt 3 av tomtene i bustadfelt på Krakereid, vederlagsfritt..

Opplysningar til saka

Foreldregruppa til 6 born med nedsett funksjonsevne har sida januar 2013 arbeidd med eit prosjekt for å skaffe framtidige bustader til sine born. Dei har i dialog med administrasjonen i Selje kommune sett seg ut tomt 9,10,og 11 i Krakeireid bustadfelt til dette prosjektet. Det er planlagd 6 bueiningar.

Foreldregruppa har brukt mykje tid på planlegging og mykje arbeid står igjen. Sida foreldregruppa skal stå for planlegging og oppføring av bustadane, søker dei Selje kommune om å få tildelt tomtene vederlagsfritt. Borna skal eige tomtene sjølve.

Sakshandsamar si vurdering

Føresegnene til reguleringsplan for bustadfelt på Krakereid §3.1.1, gjev planutvalet (formannskapet) høve til å gje løyve til at fleire tomter kan samanslåast.

Sakshandsamar har ingen motførestillingar mot at tomt 9, 10 og 11 vert slått saman og utnytta som omsøkt. Det viktigaste er at ein held seg innafor reguleringsplan m/føresegnene med omsyn til utnyttingsgrad, antall parkeringsplasser, byggjegranser, byggjehøgde m.m.

Prisen for ei 1 mål stor tomt i Krakereid bustadfelt er pr. i dag som følgjer:

Tomtetekniske anlegg:	210 500,-
Tomtegrunn (54,4 pr m ²):	55 550,-
Vegareal:	9 600,-
SUM	275 650,-

Etter at fast dekke blir lagt, så vil kvar tomt få ei rekning på 15 000,-. Dette kjem i tillegg.

Før tomta er oppmålt og nye gards- og bruksnummer tinglyst og overført nye eigarar, så vil tomtekjøpar måtte betale for tinglysing/oppmåling/sakshandsaming (1050,-/16 360,-/1 790,-), dokumentavgift (6 891,-) og tilknytingsgebyr for vatn og kloakk (12 500,- + 12 500,-). Formannskapet/kommunestyret har ikkje høve til å gi fritak for betaling av tilknytingsgebyr for vatn og kloakk, men dei har høve til å gjere vedtak om å betale det sjølv.

Det er vanskeleg for sakshandsamar å tilrå i spørsmål om å overdra tomtene vederlagsfritt. På den eine sida er dette totalt sett kostnader/potensielle inntekter til kommunen på oppunder ein million, på den andre sida er det viktig å leggje til rette for at denne type initiativ til dette føremålet vert ivaretatt. Det vil også vere eit poeng å sikre at føremålet dvs brukarane/bebuarane er i ein kategori som vil trengje bistand til bustad og bistand i bustad. Eigarane av einingane har tidlegare ytra ynskje om å eige og disponere bustadene fritt og soleis kunne selje til den dei ynskjer i framtida. Det vil kunne bli problematisk for Selje kommune å «sponse» bustader som kan verte seld på den opne marknaden. Eit vilkår for reduserte tomtekostnader bør då vere ei binding mot å selje fritt, evt ein klausul som inneberer at tomtereduksjon er eit tilskot som må attendebetalast dersom bueininga vert seld utanom målgruppa.

Konklusjon

Søklar kan få løyve til å slå saman tomt 9, 10 og 11 i Krakereid bustadfelt for å byggje 6 bueiningar som omsøkt, under føresetnad av at dei held seg innafor reguleringsplan m/føresegner med omsyn til utnyttingsgrad, antall parkeringsplasser, byggjegrænse og byggjehøgde.

Saksgang

Formannskapet kjem med tilråding til kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Søklar får løyve til å slå saman tomt 9, 10 og 11 i Krakereid bustadfelt for å byggje 6 bueiningar som omsøkt, under føresetnad av at dei held seg innafor reguleringsplan

m/føresegner med omsyn til utnyttingsgrad, antall parkeringsplasser, byggjehøgde og byggjehøgde.

Søklar får tilskot fordelt på kvar bueining/eigar tilsvarande tomtekostnad jmf oppsettet i saksutgreiinga. Dersom bueininga vert seld til andre enn hovudmålgruppa må tilskotet attendebetalast til kommunen. Det vert utferdiga retningslinjer for dette tilskotet som sikrar bruk og evt. attendebetaling av tilskotet.

Handsaming i Formannskapet - 07.12.2015

6 voterande

Orientering frå sakshandsamar, dat. 03.12.15:

I tilrådinga skal det stå 7 bueiningar i staden for 6.

Nye opplysningar syner at dette prosjektet er aktuelt for ein person i tillegg til dei 6 nemnde.

Framlegg frå ordførar:

Formannskapet er positive til tiltaket, men vil utsette saka til neste møte i Formannskapet. Formannskapet ynskjer synfaring saman med utbyggjar på dei aktuelle tomtene.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Framlegg frå Formannskapet fekk 6 røyster. Samrøystes.

FS-105/15 FRAMLEGG

Som framlegg frå Formannskapet.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2015

Saka vart trekt.

Handsaming i Formannskapet - 28.01.2016

7 voterande

Formannskapet hadde synfaring i Krakereid bustadfelt før saka vart handsama.

Ny endra tilråding frå administrasjonen:

Søknad om tildeling av tomt i Krakereid bustadfelt vederlagsfritt, vert innvilga og som definert i eiga avtale.

Søker får løyve til å slå saman tomt 9, 10, 11 i Krakereid bustadfelt for å bygge 7 bueiningar som omsøkt under føresetnad av adei held seg innafor reguleringsplan m/føresegner med omsyn til utnyttingsgraad, antall parkeringsplasser, byggegrenser og byggehøgde.

Søkar får tilskot fordelt på kvar bueining/eigar tilsvarende tomtekostnad jmf oppsettet i saksutgreiinga. Dersom bueining vert seld til andre enn hovudmålgruppa som er definert i eiga avtale må tilskotet attendebetalast til kommunen. Det vert utferdiga retningslinjer for dette tilskotet som sikrar bruk og evt attendebetaling av tilskotet.

Røysting:

Ny endra tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes..

FS-005/16 FRAMLEGG

Som ny endra tilråding frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.01.2016	006/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-233	15/606

Kjøp av aksjer i Visit Nordfjord og Rovdefjordbrua

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	23.11.2015	43 mottakere...	Invitasjon til å teikne aksjer - Aksjeutviding

Vedlegg i saka

Invitasjon frå Visit Nordfjord og Rovdefjordsambandet

Saka gjeld

Selje kommune har fått to formelle invitasjoner til å teikne fleire aksjar i selskapa Rovdefjordsambandet og i Visit Nordfjord (tidlegare Reisemål Stryn og Nordfjord). Samtidig har ordførar fått ein muntleg varsel om ein framtidig invitasjon til å teikne fleire aksjar i Kystveien Måløy – Florø.

I denne saka handsamar vi formelt invitasjonen frå Rovdefjordsambandet og frå Visit Nordfjord . Eventuell forespørsel frå Kystveien kjem i eiga sak seinare i 2016.

Selje kommune er aksjonær i begge selskapa. Rovdefjordsambandet har Selje kommune 10 aksjer pålydande 5 000 kr, totalt 50 000 kr. Visit Nordfjord har Selje kommune aksjer til balansert verdi på 40.000,-

Opplysningar til saka

Begge selskapa er viktige for Selje. Rovdefjordsambandet jobbar for å fastlandsamband mellom Koparnes og Årvik. Dette vil føre til ein betre kommunikasjonen nordover. Dette vil bety mykje for Selje, vi vil få ein større bu og arbeidsmarknadsområde samt at det vert raskare å kome seg til nordover til Ålesund.

Visit Nordfjord er Nordfjord sitt reiselivsselskap. Selskapet er inne i ei viktig nysatsing. Endring av namn og arbeid med merkevare Nordfjord vil gjere selskapet og Nordfjord meir synleg. Denne satsinga kostar og aksjeutviding skal vere med å finansiere dette. Selje kommune har eit stort potensial gjennom turisme og Visit Nordfjord er ein sentral

samarbeidsaktør for å lykkast med dette. For Selje kommune sin del er det viktig å vere med på denne satsinga.

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune har som kjent ein anstrengt økonomi men å vere med på nysatsing er så pass viktig at dette må ein satse på. Aksje i Rovdefjordbrua kostar 5 000 kr, I Destinasjon Nordfjord kostar ei aksje 12 kr, med pålydande verdi på 10 kr.

Konklusjon

Rådmannen foreslår at vi kjøper 2 aksjer i rovdefjordbrua (totalt 10 000 kroner), og 3333 aksjer i Visit Nordfjord (ca. 40 000 kroner).

Saksgang

Endelig vedtak i formannskapet

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Selje kommune kjøper to aksjer i Rovdefjordbrua til kroner 10 000, og 3333 aksjer i Visit Nordfjord til kroner 39 996.
2. Kjøpene på totalt kroner 49 996 kroner, finansieres ved bruk av formannskapets reservefond.

Handsaming i Formannskapet - 28.01.2016

7 voterande

Framlegg frå SP:

Selje kommune sin økonomiske situasjon tilseier ikkje at ein kan gjere dei store investeringane no, men for å syne positivitet gjer Selje kommune følgjande vedtak:

Selje kommune kjøper aksjer i Visit Nordfjord for kr. 20.000 og Rovdefjordbrua 1 aksje til kr. 5.000.

Røysting:

Framlegg frå SP fekk 1 røyst for.

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for.

FS-006/16 VEDTAK

1. Selje kommune kjøper to aksjer i Rovdefjordbrua til kroner 10.000, og 3333 aksjer i Visit Nordfjord til kroner 39.996.
2. Kjøpene på totalt kroner 49.996 kroner, finansieres ved bruk av Formannskapetets reservefond.

Utskrift til:
Partar i saka



SELJE KOMMUNE

Ikkje offentleg

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.01.2016	007/16
Kommunestyret	11.02.2016	005/16

Sakshandsamar Reidar Sandviknes	Arkiv FA-N00	Arkivsak 14/19
---	------------------------	--------------------------

Garanti - Tilskot til lokalbåtruter / reiselivsbaåtruter Selja

FS-007/16 FRAMLEGG

Som fellesframlegg frå Formannskapet.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.01.2016	008/16
Kommunestyret	11.02.2016	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-250	14/571

Rapport kommunens finansforvaltning pr. 31.12.15

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.01.2016	Rapport finansforvaltningen pr. 31.12.15.pdf	72647

Saka gjeld

I henhold til kommunens finansreglement skal status for kommunens finansforvaltning rapporteres ved hvert tertial.

Vedlagt følger rapport over kommunens finansforvaltning pr. 31.12.2015.

Saksgang

Endelig vedtak i kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Rapport om kommunens finansforvaltning pr. 31.12.2015 vedtas til orientering.

Handsaming i Formannskapet - 28.01.2016

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

FS-008/16 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.01.2016	009/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-233, FA-C30	12/369

Dragseidspelet - Søknad om tilskot 2016

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	17.01.2012	Stadlandet Ungdomslag	Rekneskap Dragseidspelet 2011
2	I	12.04.2013	Statens vegvesen - Region vest	Stenging av veg
3	I	01.12.2015	Stadlandet Ungdomslag v/ Margit Fløde	Søknad om tilskot

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.01.2016	Søknad om økonomisk støtte til Dragseidspelet 2016	72572
09.02.2016	Budsjett 2016	72573

Saka gjeld

Stadlandet ungdomslag søker om støtte kr, 50.000,- til gjennomføring av spelet i 2016.

Opplysningar til saka

Det er gjeve støtte dei seinare åra. Spelet er sett opp annakvart år og det er ytt støtte på 50.000,-

Lover/regelverk

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Spelet har lang tradisjon og rådmannen meiner vi bør gje støtte til dette, spesielt fordi kommunal støtte også er ein forutsetnad for støtte frå anna hald (jmf søknad).

Tilskotet er i utgangspunktet ikkje budsjettert og det vert tilrådd at det vert trekt frå formannskapetets reservepost. (Budsjettert med 100.000,-)

Konklusjon

Det vert ytt tilskot til Stadlandet Ungdomslag med 50.000,- for gjennomføring av Dragseidspelet.

Saksgang

Klageadgang

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Det vert ytt tilskot til Stadlandet Ungdomslag med 50.000,- for gjennomføring av Dragseidspelet.

Tilskotet vert finansiert ved bruk av Formannskapet sin reservepost.

Handsaming i Formannskapet - 28.01.2016

7 voterande

Fellesframlegg frå Formannskapet:

Grunna kommunen sin økonomiske situasjon yter Selje kommune tilskot til Stadlandet ungdomslag med underskotsgaranti inntil 20 000 kr for gjennomføring av Dragseidspelet 2016.

Røysting:

Fellesframlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-009/16 VEDTAK

Grunna kommunen sin økonomiske situasjon yter Selje kommune tilskot til Stadlandet ungdomslag med underskotsgaranti inntil 20 000 kr for gjennomføring av Dragseidspelet 2016.

Samrøystes.

Utskrift:

Stadlandet Ungdomslag vMargit Fløde

Økonomiavd.

Revisor

